



Kvinnherad kommune

Kvinnherad kommune har om lag 13.200 innbyggjarar og 1350 tilsette. Kommunen ligg i Sunnhordland, mellom Bergen, Haugesund og Odda. Rosendal er administrativt senter. Husnes er regionssenter, skule, idrett og handelssenter, og har vidaregåande skule. I kommunen finn ein eit mangfaldig næringsliv. Bedrifter som er verdsløiande innan livbåtproduksjon og aluminiumsverket Hydro Husnes er viktige industriaktørar. Valen sjukehus, som er ein del av Helse Fonna, ligg sør i kommunen og har solid fagkompetanse. Kvinnherad har eit mangfaldig kulturliv. Sjø, skjergard, fjell og bre gjev gode tilhøve for friluftsliv heile året.

Rådmann

Som rådmann i Kvinnherad kommune vil du ha store mogelegheiter for påverknad og utvikling, og du vil ha ei sentral rolle i vidareutvikling av kommunen sin organisasjon, lokalsamfunnet og tenestetilbodet til innbyggjarar og næringsliv.

Kommunen søker ein toppleiar med høgare utdanning, brei leiarerfaring og god kjennskap til kommunal verksemd. Vi treng ein tydeleg leiar og strateg med evne til gjennomføring. Du må kunna samla organisasjonen om felles mål og utfordringar, og du må kunna sjå nye mogelegheiter.

Ditt oppdrag som vår nye rådmann er å:

- Vera samlende og stimulera til heilskapleg og tverrfagleg samarbeid for felles mål
- Sikra sunn og berekraftig kommuneøkonomi gjennom økonomistyring og tilpassing av driftsnivå
- Bidra til god dialog og godt samspel mellom politikk og administrasjon, rådgje politisk nivå med gode saksutgreiingar og gje eit godt grunnlag for tydelege prioriteringar.
- Vidareutvikla rådmannen sitt leiarsteam som strategisk leiding med tydelege rollar i linje og stab
- Ta initiativ til, og setja i verk, prosjekt for realisering av kommunen sine planar
- Utvikla organisasjonen med fokus på strukturell utforming og effektivisering
- Leggja til rette for dialog og samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane
- Ha dialog med nabokommunane og vidareutvikla interkommunalt samarbeid i regionen.

Kommunen ser etter ein rådmann som:

- Skaper oppslutnad om omstilling
- Har strategiske eigenskapar – tenkjer nytt og er løysingsorientert
- Har gode kommunikasjonseigenskapar og byggjer relasjonar
- Meistrar dialog og samspel mellom politikk og administrasjon
- Har kompetanse innan organisasjon, økonomi og endringsleiing
- Har solid og relevant høgare utdanning eller tilsvarende realkompetanse i kombinasjon med brei leiarerfaring frå offentleg og/eller privat næringsliv

Er dette noko for deg ? Ta gjerne kontakt med kommunen sin rådsgjevar Ivar Aslaksrud frå Utviklingspartner AS, tlf 930 30 194, eller ordførar Synnøve Solbakken, tlf. 930 12 591.

Alle spørsmål om stillinga vert handsama konfidensielt, om ynskjeleg og for vår oppdragsgjevar, fram til søknadsfrist. Lon, tilsetjingsform og andre vilkår etter avtale. Det vert utarbeidd ein eigen leiaravtale.

Om du ynskjer meir informasjon, er dette å finna på www.kvinnherad.kommune.no. Her er det mellom anna informasjon om kommunen sin organisasjon, det kommunale styringssystemet og tenestetilbodet til innbyggjarane.

Kortfatta søknad med vedlagt CV merka «Rådmann i Kvinnherad» skal sendast som e-post til utviklingspartner@upk.no. snarast og seinast **innan 16.08.2015**. Vitnemål og attestar tek ein med til intervju.

Vi gjer merksam på at det vert utarbeidd ei offentleg søkjarliste etter at søknadsfristen er ute. Søkjarar som ynskjer at søknaden vert unnateke offentleg innsyn, må grunngje dette særskilt i søknaden. Dersom vi ikkje finn tilstrekkelege grunnlag for at søknaden kan bli unnateke offentleg innsyn, vil vi ta kontakt, slik at søkjar kan velja mellom å trekka søknaden eller stå på den offentlege søkjarlista.

Her kan du sjå Sunnhordlandsfilmen!

**UTVIKLINGS-
PARTNER**

www.upk.no

- Kunde- og samfunnsnytte
- Resultatforbedring
- Omstilling